NVE

**NVE arbeider no med å forbetre kraftsituasjonsrapporten**

Vil du bidra? Del innspela dine her:
**https://forms.office.com/e/gncz7DbUMZ?origin=lprLink**

# Kraftsituasjonen veke 47, 2026

**Mindre prisforskjellar og nettoimport til Noreg**

**Lite tilsig til vassmagasina bidrog til ytterlegare nedgang i magasinfyllinga i Noreg førre veke. Samstundes gjekk produksjonen ned og forbruket opp og Noreg hadde nettoimport av kraft veka sett under eitt. Det var omtrent like mykje eksport som import av kraft til sørlege Noreg, medan det for veka var rekordhøg import til Midt-Noreg (NO3). Det var fyrst og fremst lågare temperaturar som gav auke i kraftforbruket. Høgare vindkraftproduksjon på kontinentet bidrog til meir import til sørlege Noreg og færre periodar med svært høge kraftprisar enn veka før. Vekeprisane i Midt- og sørlege Noreg (NO3, NO1, NO2 og NO5) vart noko redusert, medan vekeprisen i Nord-Noreg (NO4) auka.**

– Førre veke var det rekordlåg kraftproduksjon, kombinert med import av kraft inn til sørlege Noreg som er uvanleg for årstida. Det var også rekordhøg import til Midt-Noreg for veka. Det tyder på at kraftselskapa held igjen vatn. Konsekvensen er at prisane blir høgare på kort sikt, men at man sparer meir vatn til vinteren. Vi har hatt god dialog med kraftselskapa gjennom heile hausten og mint dei om samfunnsansvaret dei har. Vi kjem til å fortsette den tette dialogen og vurderer fortløpande nye tiltak, seier Inga Nordberg, direktør i energi- og konsesjonsavdelinga i NVE.

**Likare prisar i Norden og på kontinentet**
Vekeprisane i Midt- og sørlege Noreg vart redusert frå veka før. Prisane i sørlege Noreg heldt seg på eit stabilt høgt nivå, men det var færre enkelttimar med svært høge prisar enn veka før. Høgare vindkraftproduksjon på kontinentet gav fleire periodar med import til sørlege Noreg og det vart mindre forskjell i vekeprisane mellom sørlege Noreg og kontinentet.

I Nord-Noreg (NO4) auka vekeprisen frå veka før. Prisauken skyldast hovudsakeleg høge prisar på torsdagen. Torsdag føremiddag bidrog låg vindkraftproduksjon og høg etterspurnad etter kraft til høge kraftprisar på kontinentet. Samstundes gav låg vindkraftproduksjon i Norden eit

mindre kraftoverskot her. Dette bidrog til høge og nokså like kraftprisar i store delar av Norden og på delar av kontinentet. Trass prisauken hadde Nord-Noreg framleis den lågaste vekeprisen i Noreg.

Kraftprisar (gjennomsnitt for veka):

- Søraust-Noreg (NO1): 203 øre/kWh (-9 øre/kWh frå veke 46)
- Sørvest-Noreg (NO2): 212 øre/kWh (-8 øre/kWh frå veke 46)
- Midt-Noreg (NO3): 132 øre/kWh (-8 øre/kWh frå veke 46)
- Nord-Noreg (NO4): 50 øre/kWh (+33 øre/kWh frå veke 46)
- Vest-Noreg (NO5): 207 øre/kWh (-8 øre/kWh frå veke 46)

**Høgare forbruk og nettoimport til Noreg**
Lågare temperaturar førte til større behov for oppvarming i hushalda. Dermed auka kraftforbruket i Noreg førre veke. Samstundes gjekk den samla kraftproduksjonen ned som følgje av lågare vindkraft- og elvekraftproduksjon. Dette bidrog til at Noreg fekk nettoimport av kraft førre veke, noko som er uvanleg for årstida. Normalt har Noreg eit kraftoverskot og nettoeksport seint på hausten.

I Midt-Noreg var det rekordhøg nettoimport for veka. Sist Midt-Noreg hadde like høg import var i veke 3 i 2024. Vindkraftproduksjonen i bodområdet vart meir enn halvert frå veka før, noko som auka behovet for import. Samstundes avgrensa vedlikehald i nettet framleis overføringskapasiteten mellom Midt-Noreg og sørlege Noreg.

Kraftutvekslinga i sørlege Noreg var tilnærma balansert førre veke. Høgare vindkraftproduksjon på kontinentet gav fleire periodar med lågare kraftprisar. Dette gav meir import til Sørvest-Noreg enn dei føregåande vekene.

**Lågt tilsig og nedgang i magasinfylling**
Lite nedbør dei siste vekene har ført til lågt tilsig til vassmagasina. I veke 47 var tilsiget i Noreg berre 38 prosent av det historiske gjennomsnittet. Det var i hovudsak det låge tilsiget som bidrog til at magasinfyllinga i Noreg gjekk ned for tredje veke på rad.

I sørlege Noreg (NO1, NO2 og NO5) bidrog det låge tilsiget til at den samla magasinfyllinga framleis ligg under det historiske utfallsrommet, trass i at kraftproduksjonen frå mange av magasinkraftverka gjekk ned.

**Gassprisar**
Gassprisane i Europa heldt seg på eit stabilt høgt nivå førre veke, med noko variasjon gjennom veka. Gassprisane er venta å halde seg på eit høgt nivå gjennom vinteren. Korleis gassprisane vil verke inn på kraftprisane framover vil avhenge av kor ofte gasskraft er den prissetjande teknologien på kontinentet. Dei norske kraftprisane blir vidare påverka av prisnivået i Europa gjennom mellomlandsforbindelsane, særleg inn til Sørvest-Noreg.

**Merknad**
Det manglar data for kraftforbruk i Danmark for delar av veke 47. Desse tala er erstatta med prognosetal. Dette påverkar tal for dansk forbruk og utveksling for Norden (tabell 6 og 7, figur 10, 11 og 12).

Det manglar òg data for kraftproduksjon i Danmark for heile veke 46 og 47. Desse tala er ikkje erstatta med prognosetal. Det betyr at fleire tabellar og figurar ikkje inkluderer dansk

kraftproduksjon. For figurane og tabellane for Norden som heilheit vil derfor danske tal ikkje vere inkludert. I Figur 14 er ikkje flyttala erstatta med prognosetal, så data på utveksling frå Danmark kan vere mangelfull.

## Vêr og hydrologi

I veke 47 var temperaturen om lag 3 – 5 grader under normalen i heile landet. I veke 48 er det venta kaldt i starten av veka, men mildare vêr mot slutten av veka. I gjennomsnitt for veka ventes 3 - 6 grader under normalen i heile landet.

For veke 47 er det utrekna eit tilsig på 0,7 TWh, som er om lag 38 prosent av gjennomsnittet for veka. For veke 48 er det venta eit tilsig på 0,6 TWh. Det er 34 prosent av gjennomsnittet for veka.

For fleire detaljar om snø, vêr og vatn, sjå: www.senorge.no/map

# Magasinfylling

**Tabell 1 Magasinfylling. Kjelde: NVE og Nord Pool**

| | Prosent | | | | Prosenteiningar | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Veke 47 2026 | Veke 46 2026 | Veke 47 2025 | Median veke 47 | Endring frå sist veke | Differanse frå same veke i 2025 | Differanse frå median |
| Noreg | 66,0 | 68,4 | 77,7 | 78,6 | -2,4 | -11,7 | -12,6 |
| Søraust-Noreg, NO1 | 72,7 | 76,2 | 84,2 | 81,7 | -3,5 | -11,5 | -9,0 |
| Sørvest-Noreg, NO2 | 50,8 | 52,8 | 66,7 | 80,0 | -2,0 | -15,9 | -29,2 |
| Midt-Noreg, NO3 | 67,2 | 69,7 | 85,2 | 75,8 | -2,5 | -18,0 | -8,6 |
| Nord-Noreg, NO4 | 90,2 | 91,9 | 89,7 | 76,9 | -1,7 | 0,5 | 13,3 |
| Vest-Noreg, NO5 | 64,6 | 68,3 | 79,5 | 80,7 | -3,7 | -14,9 | -16,1 |
| Sverige | 76,5 | 78,6 | 79,6 | 71,2 | -2,1 | -3,1 | 5,3 |

***Referanseperioden for medianen er 2006-2025 for Noreg og dei fem norske bodområda.**

**Figur 1 Fyllingsgraden til vassmagasina i Noreg. Kjelde: NVE**




**Figur 2 Fyllingsgraden til vassmagasina i Sverige. Kjelde: Energiföretagen Sverige**



**Figur 3 Fyllingsgraden til vassmagasina i bodområda i Noreg. Kjelde: NVE**



# Tilsig og nedbørstilhøve

**Figurar for tilsig og nedbørstilhøve viser utviklinga samla for Noreg. For detaljert informasjon for bodområda sjå https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/**

**Figur 4 Nedbør i år og i fjor i Noreg, GWh. Kjelde: NVE[1]**




**Figur 5 Nyttbart tilsig i år og i fjor i Noreg, GWh. Kjelde: NVE[1]**



**Figur 6 Hydrologisk balanse i Noreg for siste tolv månader, TWh. Kjelde: NVE[1]**




**Figur 7 Utviklinga av snømagasin i år og i fjor, TWh. Kjelde: NVE[1]**



**Tabell 2 Nedbør for førre veke og forventa nedbør i inneverande veke . Gjennomsnitt for perioden 2006-2025. Kjelde: NVE[1]**

| | Veke 47 2026, TWh | Prosent av gjennomsnitt | Prognose, veke 48 2026, TWh | Prosent av gjennomsnitt |
|---|---|---|---|---|
| Noreg | 0,5 | 15 | 0,9 | 26 |
| Søraust-Noreg, NO1 | 0,0 | 10 | 0,1 | 36 |
| Sørvest-Noreg, NO2 | 0,0 | 0 | 0,4 | 36 |
| Midt-Noreg, NO3 | 0,2 | 38 | 0,0 | 9 |
| Nord-Noreg, NO4 | 0,2 | 43 | 0,1 | 17 |
| Vest-Noreg, NO5 | 0,0 | 2 | 0,2 | 22 |

**Tabell 3 Nyttbart tilsig for førre veke og forventa nyttbart tilsig i inneverande veke. Gjennomsnitt for perioden 2006-2025. Kjelde: NVE[1]**

| | Veke 47 2026, TWh | Prosent av gjennomsnitt | Prognose, veke 48 2026, TWh | Prosent av gjennomsnitt |
|---|---|---|---|---|
| Noreg | 0,7 | 38 | 0,6 | 34 |
| Søraust-Noreg, NO1 | 0,1 | 58 | 0,1 | 50 |
| Sørvest-Noreg, NO2 | 0,2 | 24 | 0,1 | 17 |
| Midt-Noreg, NO3 | 0,1 | 42 | 0,1 | 42 |
| Nord-Noreg, NO4 | 0,2 | 69 | 0,2 | 69 |
| Vest-Noreg, NO5 | 0,1 | 30 | 0,1 | 29 |

**Tabell 4 Utviklinga i tilsig og nedbør så langt i år. Gjennomsnitt for perioden 2006-2025. Kjelde: NVE[1]**

| | Nedbør, TWh | | Tilsig, TWh | |
|---|---|---|---|---|
| | Veke 1-47 2026 | Differanse frå gjennomsnitt | Veke 1-47 2026 | Differanse frå gjennomsnitt |
| Noreg | 95,7 | -20,1 | 110,8 | -20,4 |
| Søraust-Noreg, NO1 | 11,1 | -2,7 | 14,3 | -0,8 |
| Sørvest-Noreg, NO2 | 27,1 | -9,3 | 34,5 | -5,6 |
| Midt-Noreg, NO3 | 15,3 | -4,5 | 14,4 | -8,1 |
| Nord-Noreg, NO4 | 18,5 | -1,1 | 22,0 | -0,8 |
| Vest-Noreg, NO5 | 23,6 | -2,6 | 25,7 | -5,0 |

**For fleire detaljar når det gjeld vassføring i Noreg sjå: https://sildre.nve.no/**

**Tabell 5 Hydrologisk balanse for Noreg for førre veke, TWh. Kjelde: NVE[1]**

| | Hydrologisk balanse | Avvik magasin | Avvik i snø, grunn- og markvann | Hydrologisk balanse, endring frå sist veke |
|---|---|---|---|---|
| Noreg | -16,6 | -10,7 | -5,9 | -2,7 |
| Søraust-Noreg, NO1 | -1,4 | -0,6 | -0,8 | -0,4 |
| Sørvest-Noreg, NO2 | -11,5 | -9,5 | -2,0 | -1,0 |
| Midt-Noreg, NO3 | -1,9 | -0,8 | -1,1 | -0,2 |
| Nord-Noreg, NO4 | 2,4 | 3,0 | -0,6 | -0,3 |
| Vest-Noreg, NO5 | -3,9 | -2,6 | -1,3 | -0,8 |

[1] For fleire detaljar sjå https://www.nve.no/energi/analyser-og-statistikk/hydrologiske-data-til-kraftsituasjonsrapporten/

**Figur 8 Temperaturar i Noreg per dag, gjennomsnitt og normal for veka. Kjelde: Meteorologisk institutt og Montel - SysPower**



# Produksjon, forbruk og utveksling

**Tabell 6 Nordisk produksjon, forbruk* og kraftutveksling. Alle tal i GWh. Kjelde: ENTSO-E**

| | Veke 47 | Veke 46 | Endring frå førre veke (GWh) | Endring frå førre veke (%) |
|---|---|---|---|---|
| *Produksjon* | | | | |
| Noreg | 3 110 | 3 200 | -90 | -3 % |
| NO1 | 374 | 409 | -35 | -8 % |
| NO2 | 956 | 1 035 | -79 | -8 % |
| NO3 | 397 | 498 | -100 | -20 % |
| NO4 | 621 | 574 | 47 | 8 % |
| NO5 | 762 | 685 | 77 | 11 % |
| Sverige | 3 502 | 3 357 | 145 | 4 % |
| SE1 | 737 | 652 | 85 | 13 % |
| SE2 | 1 355 | 1 291 | 64 | 5 % |
| SE3 | 1 220 | 1 205 | 14 | 1 % |
| SE4 | 191 | 209 | -19 | -9 % |
| Danmark | - | - | - | - |
| Jylland | - | - | - | - |
| Sjælland | - | - | - | - |
| Finland | 1 744 | 1 734 | 10 | 1 % |
| Norden (utan Danmark*) | 8 356 | 8 291 | 65 | 1 % |

***På grunn av datamangel er ikkje tal for Danmark inkludert. Tal for Norden inneheld derfor heller ikkje data for Danmark.**

*Forbruk*

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Noreg | 3 243 | 3 046 | 197 | 6 % |
| NO1 | 873 | 834 | 39 | 5 % |
| NO2 | 875 | 801 | 74 | 9 % |
| NO3 | 629 | 585 | 44 | 8 % |
| NO4 | 469 | 456 | 12 | 3 % |
| NO5 | 397 | 369 | 28 | 7 % |
| | | | | |
| Sverige | 3 019 | 2 805 | 214 | 8 % |
| SE1 | 241 | 220 | 21 | 10 % |
| SE2 | 362 | 329 | 33 | 10 % |
| SE3 | 1 937 | 1 810 | 127 | 7 % |
| SE4 | 478 | 446 | 33 | 7 % |
| | | | | |
| Danmark | 851 | 814 | 37 | 5 % |
| Jylland | 509 | 496 | 13 | 3 % |
| Sjælland | 342 | 318 | 24 | 7 % |
| | | | | |
| Finland | 1 806 | 1 867 | -61 | -3 % |
| | | | | |
| Norden | 8 919 | 8 532 | 387 | 5 % |

*** Prognosedata for forbruk i 26 timar i DK1 og DK2.**

***Ikkje temperaturkorrigerte tal.**

## Vind- og kjernekraftproduksjon

**Figur 9 Kjernekraftproduksjon i Sverige og Finland dei to siste vekene. Kjelde: ENTSO-E (Førebels statistikk).**




**Figur 10 Vindkraftproduksjon i Noreg, , Finland og Sverige dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Noreg, Finland og Sverige i år og førre år. (Førebels statistikk). ENTSO-E**




***Grunna datamangel er dansk produksjon ikkje inkludert.**

**Figur 11 Vindkraftproduksjon i Norden, Tyskland og Storbritannia dei siste to vekene og vindkraftproduksjon per veke for Norden, Tyskland og Storbritannia i år og førre år. (Førebels statistikk). Kjelde: ENTSO-E**




***Grunna datamangel er dansk produksjon ikkje inkludert.**

# Utviklinga i kraftproduksjon og forbruk

**Tabell 7 Produksjon, forbruk og utveksling for Noreg, Norden, Sørlege-Noreg (NO1, NO2, NO5) og Midt- og Nord-Noreg (NO3, NO4) langt i år. Kjelde: ENTSO-E (Førebels statistikk)**

| | Til no i år | Same periode (2025) | Endring (%) | Endring (TWh) |
|---|---|---|---|---|
| **Sørlege-Noreg** | | | | |
| Produksjon | 85,3 | 93,1 | -8,4 | -7,8 |
| Forbruk | 81,1 | 77,7 | 4,5 | 3,5 |
| Nettoeksport | 4,1 | 15,4 | | -11,3 |
| **Midt- og Nord-Noreg** | | | | |
| Produksjon | 46,1 | 48,1 | -4,3 | -2,0 |
| Forbruk | 43,7 | 43,5 | 0,5 | 0,2 |
| Nettoeksport | 2,4 | 4,6 | | -2,3 |
| **Noreg** | | | | |
| Produksjon | 131,3 | 141,2 | -7,5 | -9,8 |
| Forbruk | 124,8 | 121,1 | 3,0 | 3,7 |
| Nettoeksport | 6,5 | 20,0 | | -13,5 |
| **Norden** | | | | |
| Produksjon | - | - | - | - |
| Forbruk | - | - | - | - |
| Nettoeksport | - | - | - | - |

*** Nettoeksport er produksjon minus forbruk. Nettoeksporten for sørlege Noreg og Midt- og Nord-Noreg inkluderer difor kraftflyten mellom Midt-Noreg og sørlege Noreg.**

## Utveksling

**Figur 12 Nettoutveksling pr. veke for Noreg, Norden, Sørlege-Noreg (NO1, NO2, NO5) og Midt- og Nord-Noreg (NO3, NO4) i år og historisk utfallsrom. GWh. Kjelde: ENTSO-E**




*** Figur for Norden i figur 12 er fjerna grunna datamangel frå Danmark.**

**Figur 13 Import og eksport i dei norske bodområda førre veke. Alle tal i GWh. Kjelde: ENTSO-E.**



**Figur 14 Fysisk flyt mellom bodområda i Norden førre veke, GWh. Kjelde: ENTSO-E**




*** Tal for veka før står i parentes.**

# Kraftprisar

## Engrosmarknaden

**Tabell 8 Kraftprisar – nordiske elspotområde*. Vekesnitt. Kjelde: EPEX SPOT**

| kr/MWh | Veke 47 | Veke 46 (2026) | Veke 47 (2025) | Endring frå førre veke (%) | Endring frå i fjor (%) |
|---|---|---|---|---|---|
| NO1 | 2031,3 | 2121,0 | 1197,1 | -4,2 | 69,7 |
| NO2 | 2117,5 | 2193,9 | 1166,6 | -3,5 | 81,5 |
| NO3 | 1317,5 | 1395,3 | 972,4 | -5,6 | 35,5 |
| NO4 | 504,7 | 175,9 | 963,7 | 186,9 | -47,6 |
| NO5 | 2068,2 | 2151,9 | 1176,3 | -3,9 | 75,8 |
| SE1 | 484,6 | 419,6 | 1056,7 | 15,5 | -54,1 |
| SE2 | 491,2 | 462,9 | 1049,1 | 6,1 | -53,2 |
| SE3 | 1564,6 | 1783,6 | 1143,0 | -12,3 | 36,9 |
| SE4 | 2035,1 | 2609,8 | 1166,4 | -22,0 | 74,5 |
| Finland | 929,2 | 663,4 | 1107,7 | 40,1 | -16,1 |
| Jylland | 2110,8 | 2524,7 | 1192,9 | -16,4 | 76,9 |
| Sjælland | 2154,7 | 2624,0 | 1203,0 | -17,9 | 79,1 |
| Nederland | 2041,8 | 2641,5 | 1190,4 | -22,7 | 71,5 |
| Tyskland | 2105,6 | 2587,3 | 1233,5 | -18,6 | 70,7 |
| Polen | 1782,6 | 2886,7 | 1503,3 | -38,2 | 18,6 |
| Storbritannia | 2321,1 | 2607,4 | 1174,3 | -11,0 | 97,7 |
| Frankrike | 1187,5 | 2420,3 | 1025,2 | -50,9 | 15,8 |
| Belgia | 1960,7 | 2604,2 | 1177,1 | -24,7 | 66,6 |

**Figur 15 Gjennomsnittleg vekespris for bodområda Noreg i år. Kjelde: EPEX SPOT**



**Figur 16 Spotprisar i Norden, Nederland, Tyskland og Storbritannia i førre veke. Kjelde: EPEX SPOT**



# Terminmarknaden

**Tabell 9 Terminprisar, nordisk og tysk kraft, samt CO2-kvotar. Kjelder: Montel - SysPower. Prisane i tabellen er sluttprisar fredag i den aktuelle veka.**

| Terminprisar (kr/MWh) | | Veke 47 | Veke 46 | Endring frå førre veke (%) |
|---|---|---|---|---|
| **ENX (nordisk kraft)** | Desember 2026 | 1 682,6 | 1 571,3 | 7,1% |
| | Januar 2027 | 1 666,6 | 1 610,6 | 3,5% |
| | 1. kvartal 2027 | 1 503,2 | 1 461,0 | 2,9% |
| | 2. kvartal 2027 | 703,0 | 662,3 | 6,2% |
| **EEX (tysk kraft)** | 1. kvartal 2027 | 2 088,1 | 2 095,4 | -0,3% |
| | 2. kvartal 2027 | 1 275,5 | 1 277,4 | -0,1% |
| **$CO_2$ (kr/tonn)** | Desember 2026 | 865,5 | 934,1 | -7,3% |
| | Desember 2027 | 898,5 | 970,1 | -7,4% |

**Figur 17 Daglege sluttprisar for enkelte typar kontraktar i den finansielle kraftmarknaden siste tolv månader, kr/MWh. Kjelde: Montel - SysPower**




**Figur 18 Daglege sluttprisar for utsleppskvotar på $CO_2$, kr/tonn. Kjelde: Montel - SysPower**



# Sluttbrukarprisar

Sluttbrukarprisar kan no finnast på NVE sin nettstad: Sluttbrukerpriser og strømkostnader - NVE

# Tilstanden til kraftsystemet[2]

*Det er vedlikehaldsarbeid på leidningsnett og ved kraftstasjonar fleire stader i Norden. For meir informasjon om leidningar og kraftverk viser vi til heimesidene til Nord Pool.*

**Produksjon**

| Type | Område | Publisert av | Eining | Dato frå | Dato til | Varigheit | Installert (MW) | Utilgjengeleg (MW) | Link til UMM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Unplanned | DK1 | Fjernvarme Fyn Produktion A/S | Fynsværket Blok 7 | 2026-11-13 | 2026-12-04 | 20 dagar | 300 | 300 | Link 19 |
| Planned | DK1 | Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S | Studstrupværket SSV3 | 2026-10-30 | 2026-12-03 | 34 dagar | 363 | 363 | Link 5 |
| Unplanned | DK1 | Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S | Skærbækværket SKV3 | 2026-10-21 | 2026-12-01 | 41 dagar | 419 | 319-419 | Link 21 |
| Planned | DK1 | Nordjyllandsværket A/S | Nordjyllandsværket B3 | 2026-09-03 | 2027-08-13 | 344 dagar | 412 | 72-412 | Link 57 |
| Unplanned | DK1 | Nordjyllandsværket A/S | Nordjyllandsværket B3 | 2026-06-12 | 2027-02-28 | 261 dagar | 412 | 162-412 | Link 59 |
| Unplanned | DK2 | Ørsted Bioenergy & Thermal Power A/S | Avedøreværket AVV1 | 2026-11-16 | 2026-11-21 | 5 dagar | 254 | 127-254 | Link 17 |
| Unplanned | DK2 | HOFOR Energiproduktion A/S | Amagervaerket Blok 4 | 2026-10-23 | 2027-06-14 | 233 dagar | 150 | 20-150 | Link 61 |
| Planned | FI | PD Power Oy | Alholmens Kraft B2 | 2026-11-20 | 2026-11-24 | 4 dagar | 240 | 240 | Link 26 |
| Unplanned | FI | EPV Tase Oy | Seinäjoki B1 | 2026-11-15 | 2026-11-18 | 2 dagar | 120 | 120 | Link 37 |
| Planned | FI | Helen Oy | Vuosaari B VuB4 | 2026-11-18 | 2026-12-12 | 24 dagar | 160 | 0-160 | Link 39 |
| Planned | FI | PD Power Oy | Olkiluoto 3 B3 | 2026-09-10 | 2026-11-17 | 68 dagar | 1600 | 1600 | Link 41 |
| Planned | FI | PD Power Oy | Olkiluoto 2 B2 | 2026-10-15 | 2027-04-18 | 185 dagar | 890 | 155 | Link 63 |
| Unplanned | NO1 | Hafslund Kraft AS | Vamma G11 | 2026-08-10 | 2027-03-20 | 222 dagar | 110 | 110 | Link 69 |
| Planned | NO2 | Sunnhordland Kraftlag AS | Blåfalli Vik | 2026-11-16 | 2026-11-25 | 9 dagar | 230 | 0-230 | Link 1 |
| Planned | NO2 | Statkraft Energi AS | Saurdal | 2026-06-01 | 2026-11-20 | 172 dagar | 640 | 640 | Link 34 |
| Planned | NO2 | Statkraft Energi AS | Kvilldal | 2026-11-15 | 2026-11-18 | 3 dagar | 1240 | 310-620 | Link 36 |
| Planned | NO2 | Statkraft Energi AS | Tokke G1 | 2026-11-16 | 2026-11-27 | 11 dagar | 110 | 110 | Link 4 |
| Unplanned | NO2 | Å ENERGI VANNKRAFT AS | Holen G1 | 2026-10-09 | 2026-12-11 | 63 dagar | 118 | 118 | Link 52 |
| Planned | NO2 | Statkraft Energi AS | Kvilldal G2 | 2026-11-11 | 2026-11-24 | 13 dagar | 310 | 310 | Link 53 |
| Planned | NO2 | Statkraft Energi AS | Kvilldal G4 | 2026-10-12 | 2026-12-11 | 60 dagar | 310 | 310 | Link 56 |

[2] Kjelde: Nord Pool - UMM Platform ("Urgent Market Messages (UMM)")

| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Unplanned | NO2 | Sira Kvina Kraftselskap | Tonstad G1 | 2025-04-05 | 2027-09-01 | 879 dagar | 160 | 160 | Link 74 |
| Planned | NO4 | Statkraft Energi AS | Svartisen G1 | 2026-11-16 | 2026-11-20 | 4 dagar | 250 | 250 | Link 18 |
| Planned | NO4 | Statkraft Energi AS | Rana G4 | 2026-05-04 | 2027-01-18 | 259 dagar | 120 | 120 | Link 65 |
| Planned | NO4 | Statkraft Energi AS | Kobbelv G2 | 2025-12-19 | 2027-03-31 | 466 dagar | 150 | 150 | Link 66 |
| Planned | NO5 | Statkraft Energi AS | Sy-Sima | 2026-08-04 | 2026-11-19 | 107 dagar | 620 | 310-620 | Link 24 |
| Planned | NO5 | Statkraft Energi AS | Sy-Sima G1 | 2026-11-23 | 2026-11-25 | 2 dagar | 310 | 310 | Link 22 |
| Planned | NO5 | Hafslund Kraft AS | Aurland 1 G2 | 2026-04-07 | 2027-03-08 | 335 dagar | 280 | 280 | Link 60 |
| Planned | SE1 | Vattenfall AB | Letsi G1 | 2026-10-05 | 2026-11-17 | 43 dagar | 164 | 164 | Link 42 |
| Planned | SE1 | Vattenfall AB | Messaure G2 | 2026-11-23 | 2026-12-18 | 25 dagar | 156 | 156 | Link 58 |
| Planned | SE3 | Ringhals AB | Ringhals Block4 | 2026-09-02 | 2026-11-23 | 82 dagar | 1134 | 1134 | Link 15 |
| Planned | SE3 | Ringhals AB | Ringhals block 3 | 2026-05-04 | 2026-12-20 | 230 dagar | 1081 | 1081 | Link 28 |
| Unplanned | SE3 | Forsmarks Kraftgrupp AB | Forsmark Block3 | 2026-11-14 | 2026-11-19 | 5 dagar | 1172 | 1172 | Link 31 |
| Planned | SE3 | Forsmarks Kraftgrupp AB | Forsmark Block1 | 2026-09-06 | 2026-11-27 | 82 dagar | 1098 | 549-1098 | Link 33 |
| Unplanned | SE3 | Fortum Sverige AB | Trängslet G3 | 2026-10-06 | 2026-11-17 | 41 dagar | 130 | 130 | Link 45 |
| Planned | SE4 | Sydkraft Thermal Power AB | Öresundsverket, Malmö | 2026-08-29 | 2027-01-15 | 140 dagar | 448 | 448 | Link 20 |

## Overføring

| Type | Publisert av | Eining | Dato frå | Dato til | Varigheit | Installert (MW) | Utilgjengeleg (MW) | Link til UMM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Unplanned | Energinet | DK1 → DE-TenneT | 2026-11-19 | 2026-11-29 | 9 dagar | 3500 | 1000-1500 | Link 2 |
| Unplanned | Energinet | DE-TenneT → DK1 | 2026-11-19 | 2026-11-29 | 9 dagar | 3500 | 1000 | Link 2 |
| Unplanned | Energinet | DK1 → GB | 2026-11-22 | 2026-11-29 | 7 dagar | 1456 | 0-456 | Link 2 |
| Unplanned | Energinet | GB → DK1 | 2026-11-22 | 2026-11-29 | 7 dagar | 1456 | 0-356 | Link 2 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | DE-LU → DK1 | 2026-11-19 | 2026-11-29 | 9 dagar | 3500 | 0-1625 | Link 8 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | DE-LU → DK1 | 2026-11-19 | 2026-11-29 | 9 dagar | 3500 | 0-1625 | Link 9 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | DK1 → DE-LU | 2026-11-19 | 2026-11-29 | 9 dagar | 3500 | 0-1625 | Link 10 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | DK1 → DE-LU | 2026-11-19 | 2026-11-29 | 9 dagar | 3500 | 0-1625 | Link 11 |
| Planned | Svenska kraftnät | FI → SE3 | 2026-09-04 | 2026-11-23 | 80 dagar | 1200 | 1000 | Link 13 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE3 → SE3A | 2026-09-04 | 2026-11-23 | 80 dagar | 2810 | 2310 | Link 13 |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Planned | Svenska kraftnät | SE2 → SE3 | 2026-09-04 | 2026-11-23 | 80 dagar | 7700 | 2400 | Link 13 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE3 → SE4 | 2026-09-04 | 2026-11-23 | 80 dagar | 6200 | 2600 | Link 13 |
| Planned | Statnett SF | SE3 → NO1 | 2026-11-02 | 2026-12-04 | 32 dagar | 2095 | 200 | Link 23 |
| Planned | Statnett SF | NO3 → NO5 | 2026-11-02 | 2026-12-04 | 32 dagar | 800 | 500 | Link 23 |
| Planned | Statnett SF | SE2 → NO3 | 2026-11-02 | 2026-12-04 | 32 dagar | 1000 | 300 | Link 23 |
| Planned | Statnett SF | NO5 → NO3 | 2026-11-02 | 2026-12-04 | 32 dagar | 500 | 500 | Link 23 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE4 → SE3 | 2026-11-15 | 2026-11-21 | 6 dagar | 2800 | 400 | Link 25 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE3 → SE4 | 2026-11-15 | 2026-11-21 | 6 dagar | 6200 | 400 | Link 25 |
| Planned | Svenska kraftnät | FI → SE3 | 2026-05-04 | 2026-12-20 | 231 dagar | 1200 | 1000 | Link 27 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE2 → SE3 | 2026-05-04 | 2026-12-20 | 231 dagar | 7700 | 1500 | Link 27 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE3 → SE3A | 2026-05-04 | 2026-12-20 | 231 dagar | 2810 | 1660 | Link 27 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE3 → SE4 | 2026-05-04 | 2026-12-20 | 231 dagar | 6200 | 2100 | Link 27 |
| Unplanned | Svenska kraftnät | FI → SE3 | 2026-11-15 | 2026-11-18 | 3 dagar | 1200 | 900 | Link 38 |
| Unplanned | Svenska kraftnät | SE3 → SE4 | 2026-11-15 | 2026-11-18 | 3 dagar | 6200 | 4200 | Link 38 |
| Unplanned | Svenska kraftnät | SE2 → SE3 | 2026-11-15 | 2026-11-18 | 3 dagar | 7700 | 1700 | Link 38 |
| Unplanned | Svenska kraftnät | SE3 → SE3LS | 2026-11-15 | 2026-11-18 | 3 dagar | 2810 | 1810 | Link 38 |
| Planned | Svenska kraftnät | FI → SE3 | 2026-11-02 | 2026-12-02 | 30 dagar | 1200 | 1200 | Link 46 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE3 → SE4 | 2026-11-02 | 2026-12-02 | 30 dagar | 6200 | 2700 | Link 46 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE2 → SE3 | 2026-11-02 | 2026-12-02 | 30 dagar | 7700 | 2000 | Link 46 |
| Planned | Svenska kraftnät | SE3 → SE3A | 2026-11-02 | 2026-12-02 | 30 dagar | 2810 | 1560 | Link 46 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | NL → NO2 | 2026-11-13 | 2026-11-17 | 4 dagar | 723 | 723 | Link 50 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | NO2 → NL | 2026-11-13 | 2026-11-17 | 4 dagar | 723 | 723 | Link 51 |
| Planned | Energinet | DK1 → NO2 | 2026-11-06 | 2026-12-04 | 28 dagar | 1632 | 493 | Link 54 |
| Planned | Energinet | NO2 → DK1 | 2026-11-06 | 2026-12-04 | 28 dagar | 1632 | 493 | Link 54 |
| Planned | Statnett SF | DK1 → NO2 | 2026-09-01 | 2026-12-04 | 94 dagar | 1632 | 493-679 | Link 55 |
| Planned | Statnett SF | NO2 → DK1 | 2026-09-01 | 2026-12-04 | 94 dagar | 1632 | 493-679 | Link 55 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | DK1 → GB | 2026-01-01 | 2027-01-01 | 365 dagar | 1456 | 0-1456 | Link 67 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | GB → DK1 | 2026-01-01 | 2027-01-01 | 365 dagar | 1456 | 0-1456 | Link 68 |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Unplanned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | DK1 → GB | 2026-01-01 | 2027-01-01 | 365 dagar | 1456 | 0-1456 | Link 70 |
| Unplanned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | GB → DK1 | 2026-01-01 | 2027-01-01 | 365 dagar | 1456 | 0-1456 | Link 71 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | DE-LU → DK2 | 2024-03-25 | 2028-12-31 | 1741 dagar | 1000 | 25-625 | Link 72 |
| Planned | European Network of Transmission System Operators for Electricity | DK2 → DE-LU | 2024-03-25 | 2028-12-31 | 1741 dagar | 985 | 361-946 | Link 73 |

## Forbruk

| Type | Område | Publisert av | Eining | Dato frå | Dato til | Varigheit | Installert (MW) | Utilgjengeleg (MW) | Link til UMM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Planned | DK1 | Nordjyllandsværket A/S | Nordjyllandsværket elkedler ELK | 2026-09-03 | 2027-03-14 | 192 dagar | 185 | 35-185 | Link 47 |
| Planned | FI | UPM Energy Oy | Rauma Paper Mill / PM | 2026-11-22 | 2026-11-23 | 0 dagar | 260 | 110 | Link 7 |
| Planned | FI | UPM Energy Oy | Jämsänkoski Paper Mill / PM | 2026-11-22 | 2026-11-26 | 3 dagar | 270 | 140 | Link 12 |
| Planned | FI | Gasum Oyj | Rauhanlahti e-boilers | 2026-11-16 | 2026-11-19 | 3 dagar | 120 | 120 | Link 29 |
| Planned | FI | Gasum Oyj | Tornio / TW | 2026-11-19 | 2026-11-19 | 0 dagar | 396 | 155 | Link 30 |
| Planned | FI | Gasum Oyj | Tornio / TW | 2026-11-17 | 2026-11-17 | 0 dagar | 396 | 139 | Link 48 |
| Unplanned | NO2 | Hydro Energi AS | Hydro Alu. Karmøy / AP 18 | 2026-11-17 | 2026-11-17 | 0 dagar | 280 | 280 | Link 44 |
| Unplanned | NO3 | Statkraft Energi AS | Norske Skog Skogn / Unit | 2026-11-19 | 2026-11-19 | 0 dagar | 210 | 210 | Link 32 |
| Planned | NO5 | Hydro Energi AS | Hydro Alu. Årdal / Å 1 | 2026-11-23 | 2026-11-23 | 0 dagar | 230 | 230 | Link 3 |
| Planned | NO5 | Gassco AS | Kollsnes | 2026-11-19 | 2026-11-22 | 3 dagar | 290 | 102-130 | Link 16 |
| Unplanned | NO5 | Gassco AS | Kollsnes | 2026-11-17 | 2026-11-18 | 0 dagar | 290 | 101-109 | Link 40 |
| Planned | NO5 | Hydro Energi AS | Hydro Alu. Årdal / Å 2-C | 2026-11-18 | 2026-11-18 | 0 dagar | 130 | 130 | Link 43 |
| Planned | NO5 | Hydro Energi AS | Hydro Alu. Årdal / Å 1 | 2026-11-16 | 2026-11-16 | 0 dagar | 230 | 230 | Link 49 |
| Unplanned | SE3 | Vattenfall AB | Holmen Braviken / Paper Mill | 2026-11-23 | 2026-11-23 | 0 dagar | 217 | 147 | Link 6 |
| Unplanned | SE3 | Vattenfall AB | Holmen Braviken / Paper Mill | 2026-11-22 | 2026-11-22 | 0 dagar | 217 | 147 | Link 14 |